



Morten Landmark  
Mjåtveitmarka 84  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3144 - 14/11476

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
17.07.2014

## Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Tilbygg til bustad - garasje med altan over på gbnr 22/22.

**Administrativt vedtak. Saknr: 212/2014**

**Tiltakshavar:** Morten Landmark  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad motteke 07.07.2014i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av tilbygg til bustad – garasje med altan over – på gbnr 22/22.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Mjåtveitmarka – planid 125620060002 - regulert til bustad.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Grunna omfang av tiltak og avstand til nabogrense er det søkt om fritak for nabovarsling.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 07.07.2014.. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

#### Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillete grad av utnytting på tomte % BYA) er 35 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 21-3 fritak for nabovarsling for omsøkt tiltak.

Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av tilbygg til bustad – garasje med altan over – på gbnr 22/22 i samsvar med søknad motteke 07.07.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 07.07.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Morten Landmark

Mjåtveitmarka 84 5918

FREKHAUG